

**Protokollar**

**1999**

**Styre og**

**Rep. skap for**

**VØR**



## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 25/05-00 på Miljøstasjonen.  
Møtet tok til kl. 15.00  
Møtet slutta kl. 17.30

Desse møtte:  
Knut Steinsvik  
Ingrunn Humberset  
Ola Selbervik  
Nils Trovåg  
Inger Aakre  
Knut Steinsvik

Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret  
Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.  
Knut Steinsvik og Inger Aakre vart vald til å skrive under møteboka.

### **REP.SAK 01-00. GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 1999.**

#### **VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

1. Representantskapen godkjenner årsmelding og rekneskapen for 1999 slik det ligg føre.
2. Representantskapen ber om å få seg tilsend oversikt over kva regnskapspostar som inngår i "Annan driftskostnad", på kr 10 414 936,-

#### *Samrøystes vedteke*

#### Handsaminga

Inger Aakre bad om at representantskapen får ettersend spesifikasjon over kva postar som går inn under samleposten " Annan driftskostnad". Ingrunn Aud Humberset gav honnør til det arbeidet dei tilsette utfører for innbygarane.

#### **Tilråding til vedtak:**

Representantskapen godkjenner årsmelding og rekneskapen for 1999 slik det ligg føre.

### **REP.SAK 02-00. REVIDERT BUDSJETT 2000.**

#### **VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Representantskapen godkjenner det framlagde reviderte budsjettet slik det ligg føre.

#### *Samrøystes vedteke*

#### Handsaminga

Styret si tilråding vart vedteken samrøystes.

Representantskapen gjekk nøye igjennom det framlagde budsjett. Punkta om fri leveringsrett for grovavfallet, 1 - 3 meters regelen, kva vegar renovasjonsbilane skal køyre, åpningstider på VØR m.m. vart diskutert.

Representantskapen støtta styret i deira vurderingar, og oppfordrar styret til å satse på informasjonsarbeid for å hindre forsøpling. Representantskapen rår styret vidare til å operere med vinters og sommarsåpningstider på Miljøstasjonen. Vinterstid torsdagar til 19.00 og om sommaren torsdager til 19.00 og laurdagar frå 10.00 til 12.00


Tilråding til vedtak.

1. Representantskapen godkjenner det framlagde reviderte budsjettet slik det ligg føre.

### **REP.SAK 03-00. ORIENTERINGSSAK- DRIFT AV VØR.**

Dagleg leiar orienterte om VØR si økonomiske stode pr 30.04.00 og framdrifta vedkomande innføring av avfallsdunk.

Rett utskrift 25.05.00

  
Petter Bjørdal  
referent

  
Inger Aakre

  
Knut Steinsvik

## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR mandag 23/11-99 på Miljøstasjonen.  
Møtet tok til kl. 17.30 Møtet slutta kl. 19.30

Desse møtte:

Kari Aamås

Ove Lid

Anne Britt Fannemel

Ivar Aarskog

Ola Selbervik

Oddrun Aarflot

Nils Trovåg

Arild Iversen

Ingrunn Humberset (kom kl. 18.00)

Brynjulf Skurtveit (Vara for Janne Meland)

Enok Kippersund (Vara for Inger Aakre)

Einar Flø

Knut Steinsvik melde fråfall den 23.11. Det var ikkje kalla inn vara.

Avtroppande leiar i representantskapet for perioden 1995 - 1999 Einar Flø, leia møtet.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Brynjulf Skurtveit og Arild Iversen vart vald til å skrive under møteboka.

### **R-sak nr 10-99. Val av leiar og nestleiar i representantskapet.**

#### **Vedtak (7 røysteføre)**

Leiar: Knut Steinsvik

N.leiar Janne Meland

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga.

Arild Iversen fremja framlegg på Knut Steinsvik. Det kom ikkje inn framlegg på andre kandidatar

Brynjulf Skurtveit fremja framlegg på Janne Meland. Det kom ikkje inn framlegg på andre kandidatar

#### **Tilrådinga:**

Saka vart lagt fram utan tilråding til kandidatar frå kommunestyra i Volda og Ørsta.

### **R-sak nr 11-99. Val av leiar og nestleiar i styret.**

#### **Vedtak (7 røysteføre)**

Leiar: Kari Aamås

N.leiar Ove Lid

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga.

Vedtaket om Kari Aamås var i samsvar med tilrådinga frå Ørsta Kommunestyre

Einar Flø fremja framlegg på Ove Lid. Det kom ikkje inn framlegg på andre kandidatar

#### **Tilrådinga:**

Ørsta Kommune hadde framlegg om Kari Aamås som leiar for styret i VØR.

**R-sak nr 11-99. Kort orientering og omvisning på anlegget i Hovdebygda.**

Saka gav ikkje høve til vedtak.

Avfallsplan vart utlevert til dei faste medlemmane i styre og representantskap. Deretter orienterte dagleg leiar kort om reinhaldsverket sine aktivitetar før det vart det synfaring på anlegget.

Rett utskrift



Petter Bjørdal  
Referent



Brynjulf Skurtveit



Arild Iversen

## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR onsdag 27/10-99 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 17.30

Møtet slutta kl. 19.30

Desse møtte:

Ingrunn Humberset

Kai Raaberg

Petra Humberset

Ivar Aarskog

Einar Flø

Bente Vatne (kom kl. 18.25)

Styreleiar Ove Lid møtte på vegne av styret

Petter Bjørndal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Petra Humberseth og Einar Flø vart vald til å skrive under møteboka for møtet 25.05.

Kai Raaberg og Ivar Aarskog vart vald til å skrive under møteboka for møtet 27.10.

Sidan dette var siste møtet til dette representantskapet, vart møtet avslutta med ein middag på Norlandia Viking Fjord Hotell.

Representantskapsleiar trekte sak 09-99 frå sakskartet.

### R-sak nr 7-99. Orienteringssaker.

Styreleiar og dagleg leiar orienterte om desse sakene:

- avfallsplanen og konsekvensar for VØR
- intern organisering/ mannskapssituasjonen
- avtalane som er gjorde vedkomande ulike avfallsfraksjonar; EE avfall, plast, REKOM, Vartdal Transport.
- framtida for restavfallet( Vartdal Plast / Organic Power prosjektet)
- datasamarbeid mellom Reinhaldsverket og kommunane.

Styret tok opplysningane til vitande. Administrasjonen vart oppfordra om å få fram meir informasjon spesielt i avisa Møre.

Representantskapsmedlem Bente Vatne kom og tok sete medan denne saka var til handsaming.

### R-sak nr 8-99. Budsjett og gebyr for 2000.

#### Vedtak (6 røysteføre)

1. Representantskapen vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå Volda og Ørsta Kommunestyre å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2000.

1,0 HUSHALDNINGSGEBYR	1500
SPESIALAVFALL -SKVETT'N	53
KJØLEMØBLAR	42
GROVAVFALL	175
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1770
2,0 PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.	32
3,0 REDUKSJON FOR HEIMEKOMPOST	312
4,0 GEB FOR NÆRINGAR	2130

5,0 GEB USORTERT GROVAVFALL (PR. TONN)	1820	
5,1 GEB SORTERT GROVAVFALL (PR. TONN)	1510	
6,0 GEB PR TONN SORTERT PAPP/PAPIR	950	
6,1 GEB PR TONN SORTERT METALL	550	
7,0 GEB PR. TONN TIL BRENNING	1770	
7,1 GEB PR. TONN, ISOPOR	3500	
8,0 SORTERINGSGEBYR PR. TONN	600	
9,0 PRIS PR KOLLI, NÆRING	43	
10,0 ÅRSGEBYR FOR 120 LITERS DUNK	2130	
10,1 ÅRSGEBYR FOR 340 LITERS DUNK	6390	
10,2 ÅRSGEBYR FOR 660 LITERS DUNK	10650	
10,3 ÅRSGEBYR FOR 1000 LITERS DUNK	17040	
11,0 SLAM:		
	HEILÅRSBUSTAD	FRITIDSBUSTAD
11,1 GEBYR FOR EIN HUSTAND	624	312
11,2 GEBYR FOR TO HUSSTANDAR	800	400
11,3 GEBYR FOR TRE HUSSTANDAR	1000	500
11,4 PR. M3	104	52

Pos 1, 4, og 10 inneber tilbod om henting ein gang kvar veke.

Pos 11,0: Slammet blir tømt annakvar år for heilårsbustad og kvar fjerde år for fritidsbustad.

Alle summar ekskl MVA

2. Representantskapen syner til styret si utgreiing i R-sak 8-99 og søker med dette Volda og Ørsta Kommune å ta opp eit lån stort kr 2.150.000,- til finansiering av i slamdeponi, utskifting av vekt og renovasjonsbil i år 2000.

Summen vert å dele på kommunane med 50% kvar.

3. Representantskapen ber om at administrasjonen i VØR brukar andre halvår 2000 til å gjere røynsler med det differensierte dunksystemet, slik at differensiering av avgiftene kan innførast frå 01.01.2001

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga.

Styret sin tilråding vart vedteken samrøystes.

Slammet og ei varig slamløysing i Alida vart diskutert.

Fleire av representantane meinte at VØR i framtida må får lov til å bygge opp fond for å sleppe å ta opp lån for kvar investering som må gjerast.

**Tilrådinga:**

1. Representantskapen vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå Volda og Ørsta Kommunestyre å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2000.

1,0 HUSHALDNINGSGEBYR	1500	
SPESIALAVFALL -SKVETT'N	53	
KJØLEMØBLAR	42	
GROVAVFALL	175	
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1770	
2,0 PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.	32	
3,0 REDUKSJON FOR HEIMEKOMPOST	312	
4,0 GEB FOR NÆRINGAR	2130	
5,0 GEB USORTERT GROVAVFALL(PR.TONN)	1820	
5,1 GEB SORTERT GROVAVFALL (PR.TONN)	1510	
6,0 GEB PR TONN SORTERT PAPP/PAPIR	950	
6,1 GEB PR TONN SORTERT METALL	550	
7,0 GEB PR. TONN TIL BRENNING	1770	
7,1 GEB PR. TONN, ISOPOR	3500	
8,0 SORTERINGSGEBYR PR. TONN	600	
9,0 PRIS PR KOLLI, NÆRING	43	
10,0 ÅRSGEBYR FOR 120 LITERS DUNK	2130	
10,1 ÅRSGEBYR FOR 340 LITERS DUNK	6390	
10,2 ÅRSGEBYR FOR 660 LITERS DUNK	10650	
10,3 ÅRSGEBYR FOR 1000 LITERS DUNK	17040	
11,0 SLAM:	EILÅRSBUSTAD	FRITIDSBUSTAD
11,1 GEBYR FOR EIN HUSTAND	624	312
11,2 GEBYR FOR TO HUSSTANDAR	800	400
11,3 GEBYR FOR TRE HUSSTANDAR	1000	500
11,4 PR. M3	104	52

Pos 1, 4, og 10 inneber tilbod om henting ein gang kvar veke.

Pos 11.0: Slammet blir tømt annakvar år for heilårsbustad og kvar fjerde år for fritidsbustad.

Alle summar ekskl MVA

2. Representantskapen syner til styret si utgreiing i R-sak 8-99 og søker med dette Volda og Ørsta Kommune å ta opp eit lån stort kr 2.150.000,- til finansiering av i slamdeponi, utskifting av vekt og renovasjonsbil i år 2000. Summen vert å dele på kommunane med 50% kvar.

3. Representantskapen ber om at administrasjonen i VØR brukar andre halvår 2000 til å gjere røynsler med det differensierte dunksystemet, slik at differensiering av avgiftene kan innførast frå 01.01.2001

Rett utskrift

*Petter Bjørda*  
 Petter Bjørda  
 Referent

*Kai Raaberg*  
 Kai Raaberg

*Ivar Aarskog*  
 Ivar Aarskog



# MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

1999

Det vart halde møte i representantskapet i VØR tysdag 23/2-99 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Johanna Bjørdal ( Hilde Tømmerbakk meldte forfall)

Eldar Høydalsvik

Ingrunn Humberset

Ola Perry Saure

Einar Flø

Kai Raaberg

Petra Humberset

Bente Vatne

Ove Lid

Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Deltakarlista frå siste møte vert korrigert.

## **R-sak nr. 01/99: Orientering frå styret.**

Styreleiar, driftsleiar og leiar i representantskapet orienterte om følgjande saker:

- Inntrykk frå møtet med Tussa.
- Inntrykk etter møtet med ordførarar og administrasjonssjefar
- Søkjarlista og aktuelle kandidatar til stillinga som dagleg leiar i VØR
- Synsing rundt problemstillinga med ulike vedtak i kommunestyra
- Møte med privat transportør om eventuelt samarbeid på avfallshandteringa

Representantskapet tok orienteringa til vitande.

## **R- sak nr. 02/99: Utlysing av transporttenester.**

Samrøystes vedtak lyder:

**Med bakgrunn i arbeidet som er i gang med avfallsplan, utgreiing av selskapform / organisering, tilsetjing av ny driftsleiar og det store arbeidet det er å lage anbudsdokument, vert avtalen med Vartdal Transport reforhandla og lengd fram til 31.12.99.**

## **R-sak nr 03/99: Oppheving av gebyr for næringsavfall**

Representantskapet fekk ei orientering om bakgrunn for denne saka, og ønskte at den vert teken opp gjennom dei formelle vegane med styrevedtak osv.

Møtet heva kl. 19.35

Ref. Kjetil Årøen

*Einar Flø*

*Eldar Høydalsvik*

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR  
Møtedato 20.03.00

Møtet tok til 15.00  
Møtet slutta 18.30

Desse møtte:  
Kari Aamaas  
Ove Lid  
Anne Britt Våge Fannemel  
Bjørn Øren  
Ivar Aarskog  
Knut Steinsvik - Leiar i representantskapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling. Det var ikkje merknader til møtebok frå 01.02.00. Styreleiar bad om at ei drøftingssak, lønsforhandlingar, vart tatt opp som sak 17 på saklista. Sak 16-00 og 17-00 vart utsett til møte 03.04.00. Kl 15.00

### SAKLISTE:

#### SAK NR 09-00: REFERAT OG MELDINGAR

*Ivar Skare.*  
Saka vart referert for styret.

*Anders Aarsether m.fl.*  
Styret presiserar at alle skal ha dunk.

*Margit Wiik m.fl.*  
Styret vil tillate ekstraservice mot ekstrabetaling for dei som av ulike årsaker ynskjer det. Styret ber om å få fram ei sak om storleiken på ekstrabetalinga, slik at betaling for høgare service kan vere igang frå 01.07.00.

*Div søknader om fritak.*  
Dei sakene som administrativt har fått avslag på søknad om fritak frå siste styremøte, vart referert.

*Organic Power - orientering.*  
Dagleg leiar orienterte om status i saka.

*Onlineløysing med kommunene.*  
Vi er no online med Volda. Ørsta truleg iløpet av komande månad. Dagleg leiar viste elles til EDB- situasjonen i VØR. Noværande styringssystem har problemer med å takle "alle differensieringsvariantane". Utsifting av styringssystem må vurderast seinast i 2001.

*Innføring av dunk. Status.*  
Status vart referert.

*Vekt ved bommen. Status./ Vurdering av nytt slamdeponi i Alida. Status*  
Prosjekteringsarbeidet er sett bort til Ose Ingeniørkontor som er i gang med arbeidet.

*Representasjon Avfallsforum - Bergen.*  
Representantar: Ove Lid, Petter Bjørdal

**SAK 10-00. GISLE MYKLEBUST. KLAGE PÅ VEDTAK TIL FORMANNSKAPET.**  
**B-sak. Ikkje offentleg. §5A**

**VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 21.01.00 og held fast på tidlegare vedtak av 06.12.99 med visning til saksutgreiing og gjeldande renovasjonsforskrifter med unntak av punktet om iverksettingstidspunktet.

I punktet om iverksettingstidspunktet gir styret klagaren medhald, med visning til Grl § 97. Iverksettingstidspunktet blir sett til det tidspunktet klagaren vart gjort kjend med vedtaket, 01.10.99.

Klagefristen er overhalden og i samsvar med renovasjonsforskrifter § 11, vert saka sendt over til Ørsta formannskap for handsaming.

***Samrøystes vedteke.***

Handsaminga  
Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

**TILRÅDING TIL VEDTAK:**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 21.01.00 og held fast på tidlegare vedtak av 06.12.99 med visning til saksutgreiing og gjeldande renovasjonsforskrifter med unntak av punktet om iverksettingstidspunktet.

I punktet om iverksettingstidspunktet gir styret klagaren medhald, med visning til Grl § 97. Iverksettingstidspunktet blir sett til det tidspunktet klagaren vart gjort kjend med vedtaket, 01.10.99.

Klagefristen er overhalden og i samsvar med renovasjonsforskrifter § 11, vert saka sendt over til Ørsta formannskap for handsaming.

**SAK NR 11-00: FØREBELS REGNSKAP FOR 1999.**

Handsaminga.  
Saka var lagt fram til orientering. Styret avventar endeleg handsaming til regnskapet er handsama av revisor.

**SAK NR 12-00: ÅRSMELDING FOR 1999.**  
**VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Styret godkjenner den framlagde årsmeldinga slik den ligg føre, med følgjande endring:  
Namna på styremedlemar i året må inn i årsmeldinga. Dagleg leiar får fullmakt til å formulere dette inn i teksten.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga.

Styreleiar las opp årsmeldinga. Årsmeldinga vart godkjend med ei endring; namna på styremedlemene må inn i årsmeldinga.

#### **SAK NR 13-00: KRISTIN GRAFF.**

##### **VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Styreleiar sender eit brev til K.Graff vedkomande innlegging av avgift for bueining nr 2.

Handsaminga

Saka vart lagd fram utan tilråding, etter ynskje frå styreleiar. Styreleiar la fram eit forslag til brev, som ho ville sende K.Graff. Styret slutta seg til innhaldet i brevet.

#### **SAK NR 14-00: SLAMHENTING.**

Saka gav ikkje høve til vedtak.

Handsaminga

Tidligare styreleiar og dagleg leiar orienterte om slamordninga i kommunene.

#### **SAK NR 15-00: DRIFT AV VØR - ORIENTERING.**

Saka gav ikkje høve til vedtak.

Handsaminga

Dagleg leiar la fram saka til orientering, slik som det vart bedt om på siste styremøte. Styret drøfta saka og tok orienteringa til vitande.

#### **SAK NR 16-00: REVIDERT BUDSJETT 2000.**

Handsaminga


Styret fekk dårleg tid, då møtet måtte slutte kl 18.30. Styret drøfta lausleg saka, og utsette den til nytt styremøte den 03.04.00. kl 15.00. Styret bad om at saka då vart framlagd etter ny kontoplan.

#### **TILRÅDING TIL VEDTAK.**

1. Styret godkjenner det framlagde reviderte budsjettet, og ber om at den blir lagt fram for representantskapen til godkjenning.
2. Styret vedtek at fri leveringsmengde med grovavfall til VØR vert sett til 150 kg pr abonnent pr år, med virkning frå 01.04.00. Styret ber administrasjonen kunngjere dette i lokalavisene snarast.
3. Styret ber om at det vert innført nye opningstider i sorteringshallen med virkning frå 01.07.00. Styret ber om at det blir operert med sommar og vinteropningstid. Administrasjonen får fullmakt til å fastsette den endelege opningstida.
4. Styret vedtek å avgrense omfanget av containerar på bygdene, slik at dei med kortaste reiseavstand til VØR må levere der. Styret ber administrasjonen vurdere å slå saman enkelte av innsamlingspunkta, for å gjere innsamlinga meir rasjonell.

Rett utskrift 20.03.00


Petter Bjørdal  
referent



Kari Aamaas



Bjørn Øren



# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR  
Møtedato 06.12.99

Møtet tok til 14.00  
Møtet slutta 16.40

Desse møtte:  
Kari Aamaas  
Ove Lid  
Anne Britt Våge Fannemel  
Ove Standal

Ivar Aarskog melde avbod til møtet. Vara vart kalla inn, men kunne ikkje møte.  
Leiar i representantskapen Knut Steinsvik hadde ikkje høve til å møte.  
Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal

Det var ikkje merknader til innkalling.

Styreleiar tok opp to ekstrasaker til møtet. Abonnement for avisa Møre til styreleiar og B-sak vedkomande pensjon til dagleg leiar. Saklista vart så samrøystes vedteken. Kari Aamaas og Ove Standal vart samrøystes velde til å skrive under møteboka

Det var ikkje merknader til møtebok frå 26.10.99  
Ove Lid fekk permisjon frå møtet kl 16.30  
Kari Aamaas leia møtet.

### SAKLISTE:

#### SAK NR 35-99: REFERAT OG MELDINGAR

##### *Kartonglotteriet*

Dagleg leiar orienterte om kartonglotteriet og trekninga 07.12, der styreleiar er ansvarleg for trekninga. Lokalavisene er invitert til trekninga.

##### *Plastinnsamling frå landbruket*

Vi køyrde ei vellukka innsamling i Ørsta, og har i disse dagar igang ei innsamling i Volda.

##### *Budsjettet for år 2000*

Dagleg leiar orienterte om budsjettet, oppbygginga og handsaming i kommunene.

##### *Status til abonnentregisteret*

Dagleg leiar orienterte. Kvalitetssikringa av registeret er no inne i slutfasen. NOMIL rådde oss til å ha eit kvalitetssikra og nøyaktig abonnentregister før vi går over til dunk, og dette tar administrasjonen alvorleg.

##### *Innføring av dunk*

Administrasjonen la fram diverse spørjeskjema til orientering. Orienteringa vart tatt til vitande.

Ove Lid tok opp spørsmålet om fargen på dunkane. Styret tok synfaring.  
Ove Lid gjorde framlegg om at alle dunkar som vart kjøpte heretter skal vere i farge grønt

#### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Alle dunkar som blir kjøpte heretter, skal ha grøn farge.

*Samrøystes vedteke*

#### **Sak 36-99. Arbeidsutval i styret . Gjennomgang av renovasjonsforskriftene.**

#### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

1. Styret vedtek å setja ned ei nemd / arbeidsutval på 3 medlemmer, to frå styret og ein frå administrasjonen som er sekretær for utvalet.  
Utvalet får i oppgåve å gå gjennom gjeldande renovasjonsforskrifter både med tanke på evaluering etter fleire års praksis, og tilpasning til renovasjon med dunk.
2. Styret vel desse personane:  
Ove Lid  
Ivar Aarskog  
Petter Bjørdal som også er sekretær for utvalet. Sekretær kallar inn

*Samrøystes vedteke*

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes. Styreleiar fremja framlegg på Ove Lid, Ivar Aarskog og Petter Bjørdal som også er sekretær for utvalet. Sekretær kallar inn

#### **Tilrådinga til vedtak:**

- 1 Styret vedtek å setja ned ei nemd / arbeidsutval på 3 medlemmer, to frå styret og ein frå administrasjonen som er sekretær for utvalet.  
Utvalet får i oppgåve å gå gjennom gjeldande renovasjonsforskrifter både med tanke på evaluering etter fleire års praksis, og tilpasning til renovasjon med dunk.
2. Styret vel desse personane: .....

#### **Sak nr 37-99 Gisle Myklebust - Klage på vedtak. B-sak. Ikkje offentleg. §5A**

#### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 16.10.99 og finn ikkje å kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt blir tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved eit seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

*Samrøystes vedteke*

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

***Tilråding:***

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 16.10.99 og finn ikkje å kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt blir tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved eit seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

**Sak nr 38-99 Ansgar Moe - Klage på vedtak. B-sak. Ikkje offentleg. §5A**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 07.10.99 og finn ikkje å kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekning eventuelt vert tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret for VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga.

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

***Tilråding:***

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 07.10.99 og finn ikkje å kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekning eventuelt vert tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret for VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

**Sak nr 39-99 Greta og Torunn Myklebust - Klage på vedtak. B-sak. Ikkje offentleg. §5A**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 20.10.99 og finn ikkje å kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.



Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekning eventuelt vert tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret for VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga.

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

### ***Tilråding:***

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 20.10.99 og finn ikkje å kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekning eventuelt vert tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret for VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

**Sak nr 40-99 Olav Hunnes - Klagesak / Inkassosak. Uttale til creditreform Norge AS. B-sak. Ikkje offentleg. §5A**

### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage av 11.11.99 sendt til Creditreform Norge AS i samband med inkassosak vedkomande renovasjonsavgift på eigedom 39/1.

Styret viser vidare til vedtak om avslag av 09.09.99 der klagefristen er sett til tre – 3 – veker etter at De har motteke vedtaket, jmf. Fvl. §§ 28 og 29.

Då klagefristen ikkje er overhalden finn styret for VØR ikkje å kunne handsame klagen og held difor fast på vedtaket om avslag frå 09.09.99.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga.

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

### ***Tilråding:***

Styret for VØR viser til klage av 11.11.99 sendt til Creditreform Norge AS i samband med inkassosak vedkomande renovasjonsavgift på eigedom 39/1.

Styret viser vidare til vedtak om avslag av 09.09.99 der klagefristen er sett til tre – 3 – veker etter at De har motteke vedtaket, jmf. Fvl. §§ 28 og 29.

Då klagefristen ikkje er overhalden finn styret for VØR ikkje å kunne handsame klagen og held difor fast på vedtaket om avslag frå 09.09.99.

**Sak nr 41-99 Sivert Bjørdal. Klage på vedtak. B-sak. Ikkje offentleg. §5A**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak, dagsett 02.10.99, og held fast på tidlegare vedtak av 31.08.99 i samsvar med forureiningslova § 34, samt gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Klagefristen er overhalden og i samsvar med renovasjonsforskrifter § 11 vert saka sendt over til Volda formannskap for handsaming.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga.

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

***Tilråding:***

Styret for VØR viser til klage på vedtak, dagsett 02.10.99, og held fast på tidlegare vedtak av 31.08.99 i samsvar med forureiningslova § 34, samt gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

Klagefristen er overhalden og i samsvar med renovasjonsforskrifter § 11 vert saka sendt over til Volda formannskap for handsaming.

**Sak nr 42-99 Ragnar Høydalsvik. Klage på vedtak. B-sak. Ikkje offentleg. §5A**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 17.11.99 og held fast på tidlegare vedtak av 12.10.99 med visning til saksutgreiing og gjeldande renovasjonsforskrifter.

Klagefristen er overhalden og i samsvar med renovasjonsforskrifter § 11, vert saka sendt over til Volda formannskap for handsaming.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga.

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

***Tilråding:***

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 17.11.99 og held fast på tidlegare vedtak av 12.10.99 med visning til saksutgreiing og gjeldande renovasjonsforskrifter.

Klagefristen er overhalden og i samsvar med renovasjonsforskrifter § 11, vert saka sendt over til Volda formannskap for handsaming.

**Sak 43-99. Køyrereglar for ordninga med dunk.**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

1a. Styret vil vidareinnføre ordninga med lappar med tekst for å kommunisere m.a. overfylling av dunkane.

- b. Det vert høve til å kjøpe ekstrasekkar for å takle toppar av forbigåande art, t.d. ved barnedåp, konfirmasjon og lignende
- 2 Styret krev dunken sett fram til vegkant på hentedagen i tråd med avfallsplanen. Med vegkant meiner ein 1 til 3 meter frå køyrebana.
- 3 Styret krev at alt hushaldningsavfallet skal vert embalert før det vert plasert i dunken.
4. Spørsmål knytt til hybel og ekstra leilighet vert løyst ved større dunk og eller endra hentefrekvens.
- 5 Styret gjev høve til bruk av merka sekkar, for begrensa abonnementtyper, slik som forsamlingshus, campingplassar og utleigehytter. Ordninga med utleige av dunk held fram som no.
6. Styret vil kunne gå inn for auka servicegrad, utifrå begrunna søknad og etter nærmare definerte reglar.

#### *Samrøystes vedteke*

#### Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes. Styret diskuterte nøye gjennom saka, og spesielt emnet merking av dunkar ved overfylling. Dette vert å ta opp i samband med gjennomgang av renovasjonsforskrifta.

#### **Framlegg til vedtak :**

- 1a. Styret vil vidareinnføre ordninga med lappar med tekst for å kommunisere m.a. overfylling av dunkane.
- b. Det vert høve til å kjøpe ekstrasekkar for å takle toppar av forbigåande art, t.d. ved barnedåp, konfirmasjon og lignende
- 4 Styret krev dunken sett fram til vegkant på hentedagen i tråd med avfallsplanen. Med vegkant meiner ein 1 til 3 meter frå køyrebana.
- 5 Styret krev at alt hushaldningsavfallet skal vert embalert før det vert plasert i dunken.
4. Spørsmål knytt til hybel og ekstra leilighet vert løyst ved større dunk og eller endra hentefrekvens.
- 6 Styret gjev høve til bruk av merka sekkar, for begrensa abonnementtyper, slik som forsamlingshus, campingplassar og utleigehytter. Ordninga med utleige av dunk held fram som no.
6. Styret vil kunne gå inn for auka servicegrad, utifrå begrunna søknad og etter nærmare definerte reglar.

#### **Sak nr 44-99 Byting av dunk.**

#### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret vil gje høve til byting av dunkstørrelse, mot eit gebyr som dekkjer kostnadane for VØR.

*Samrøystes vedteke*

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes. Styret diskuterte nøye gjennom saka. Styret ber om at det kjem fram i annonser og informasjon ved innføring at det er høve til å byte dunk første to månadane etter innføring, utan gebyr.

**Framlegg til vedtak :**

Styret vil gje høve til byting av dunkstørrelse, mot eit gebyr som dekkjer kostnadane for VØR.

**Sak nr 45-99 Samarbeid om dunk/ abonnement.**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret går inn for eit samarbeid der hushaldar kan gå saman om deling av dunk/ abonnement. Styret ber om at avtaleframlegg og kartleggingsskjema vert lagt fram på neste styremøte.

*Samrøystes vedteke*

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes. Styret diskuterte nøye gjennom saka. Styret bad om at det vert sett krav til internavtale mellom huseigarane før avtale blir gjort med VØR.

**Framlegg til vedtak:**

Styret går inn for eit samarbeid der hushaldar kan gå saman om deling av dunk/ abonnement. Styret ber om at avtaleframlegg og kartleggingsskjema vert lagt fram på neste styremøte.

**Sak nr 46-99 Ymse drøftingssaker.**

*Våtorganisk avfall frå storhushaldningane - Møte hos fylkesmannen 10.12.99*

Handsaminga

VØR sender styreleiar og dagleg leiar til dette møtet

*Styre - representskapsopplæring. Synfaring til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) Vestnes Renovasjon, Romsdal Interkommunale Renovasjon (RIR)*

Handsaminga

Dagleg leiar vert beden om å få til ein tur like inn mot jul til disse anlegga

*Krav om fast tilsetting.*

Handsaminga

Styret fekk seg framlagt eit skriv frå Norsk Kommuneforbund vedkomande krav om fast tilsetting. Dagleg leiar refererte kva som er den vidare saksgang i denne saka, og lovde at styret skal få seg framlagt ei sak i eit seinare møte.

**Sak nr 47-99 Abonnement for avisa Møre til styreleiar.**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret vedtek at styreleiar får eit abonnement på avisa MØRE, den tida ho er styreleiar.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga

Styreleiar tok opp denne saka på bakgrunn av behovet for å vere orientert om offentlige utspel vedkomande VØR i Volda.

**Sak nr 48-99 Vedkomande pensjon til dagleg leiar. . Ikkje offentleg. §5A**

**VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret vedtek at dagleg leiar får dekt sine kostnader vedkomande pensjonsforsikring frå tidligare arbeidsgivar.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga

Styreleiar tok opp denne saka som ekstrasak

Rett utskrift 09.10.99



Petter Bjørdal  
referent



Kari Aamaas



Ove Standal

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR Møtedato 26.10.99

Møtet tok til 15.00

Møtet slutta 17.30

Desse møtte:

Ove Lid

Jorunn Austrheim

Geir Hole

Einar Flø

Ingrid Oppedal

Ove Standal

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal

Det var ikkje merknader til innkalling.

Det var ikkje merknader til møtebok frå 12.10.99

Styret avslutta møtet med ein middag på Norlandia Viking Fjord Hotell.

Ove Lid leia møtet

### SAKLISTE:

#### Sak nr 31-99 Personalsituasjonen i lys av avfallsplanen.

##### VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE):

1. Styret vedtek å tilsette Birger Breivik som ny arbeidsleiar til erstatning for Per Mork som no er slutta.
2. Styret vedtek å tilsette Alex Heltne i ledig stilling som renovatør.
3. Styret vedtek å tilsette Magnar Lid i stilling som prosjektmedarbeidar. Stillinga er tidsavgrensa fram til 01.10.00. Stillinga er knytt til arbeidet med å innføre dunk i kommunane. Stillinga rapporterer til dagleg leiar. Administrasjonen får i oppgåve å utarbeide stillingsinstruks.
4. Styret vedtek å tilsette Bjørn Tore Berge i stilling som renovatør.
5. Styret ber om at talet på tilsette vert å vurdere på nytt seinast 01.07.00, i tråd med avfallsplanen.

*Samrøystes vedteke.*

Handsaminga

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

Ingrid Oppedal bad elles om at orden på uteområdet vart lagt til arbeidsleiarstillinga.

##### Tilrådinga:

1. Styret vedtek å tilsette Birger Breivik som ny arbeidsleiar til erstatning for Per Mork som no er slutta.
2. Styret vedtek å tilsette Alex Heltne i ledig stilling som renovatør.

3. Styret vedtek å tilsette Magnar Lid i stilling som prosjektmedarbeidar. Stillinga er tidsavgrensa fram til 01.10.00. Stillinga er knytt til arbeidet med å innføre dunk i kommunane. Stillinga rapporterer til dagleg leiar. Administrasjonen får i oppgåve å utarbeide stillingsinstruks.
4. Styret vedtek å tilsette Bjørn Tore Berge i stilling som renovatør.
5. Styret ber om at talet på tilsette vert å vurdere på nytt seinast 01.07.00, i tråd med avfallsplanen.

**SAK NR 32-99: VEKTSYSTEMET OG 2000 PROBLEMATIKKEN  
VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE):**

1. Styret vedtek med visning til at eksisterande utstyr og programvare ikkje taklar årtusenovergangen, å investere intil kr 68.000 i datautstyr inklusiv programvare / opplæring , i ny bilvekt.
2. Investeringa vert å dekkje innafør eksisterande budsjett.  
*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga.

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes.

**Tilrådinga:**

1. Styret vedtek med visning til at eksisterande utstyr og programvare ikkje taklar årtusenovergangen, å investere intil kr 68.000 i datautstyr inklusiv programvare / opplæring , i ny bilvekt.
2. Investeringa vert å dekkje innafør eksisterande budsjett.

**SAK NR 34-99: REFERAT OG MELDINGAR**

*Resultatet av dei lokale lønsforhandlingane*

Styreleiar refererte resultatet av dei lokale lønsforhandlingane. Styret tok opplysningane til vitande.

*Organic power - orientering*

Dagleg leiar orienterte om planlagt prosjektgruppe.

*Avfallsplan.*

Styret drøfta den politiske handsaminga så langt. Styret ba administrasjonen ta på alvor behovet for informasjon både internt i VØR og overfor abonnentane i høve innføringa av dunk.

*Kartonglotteriet*

Lotteriet vart diskutert på bakgrunn av den siste tids avisoppslag og medieinteresse. Dagleg leiar orienterte om kva mengder som hitil er avsendt frå VØR.

Rett utskrift 27.10.99

  
Petter Bjørndal

  
Ove Lid

Ove Standal  


# PROTOKOLL

## VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR  
Møtedato 12.10.99

Møtet tok til 15.00  
Møtet slutta 17.00

Desse møtte:  
Ove Lid  
Jorunn Austrheim  
Geir Hole  
Ove Standal  
Einar Flø

Ingrid Oppedal melde avbud til møtet fram til kl. 17.00. Det vart ikkje kalla inn vara.  
Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal

Det var ikkje merknader til innkalling.

Styreleiar tok opp ei ekstrasak til møtet. Sak 33-99. Val av forhandlingsnemd i høve dei lokale lønsforhandlingane. Denne vart sett opp først på saklista.  
Styret vedtok at møtet uansett måtte avslutte kl 17.00. Dei sakene som då stod att, vart å utsette til nytt møte 26.10  
Sak 31-99 og 32-99 vart dermed utsett til møtet 26.10.  
Det møtet blir det siste med dette styret. Styret vil derfor avslutte det møtet med ein middag på Norlandia Viking Fjord Hotell.

Det var ikkje merknader til møtebok frå 31.08.99

Ove Lid leia møtet

### SAKLISTE:

#### **SAK NR 33-99: VAL AV FORHANDLINGSNEMD. VEDTAK( 5 røysteføre)**

Styret vel Ove Lid og Geir Hole til forhandlingsnemd med dei tilsette.  
*Samrøystes vedteke*

Handsaminga.

Einar Flø fremja slikt framlegg til vedtak:

Styret vel Ove Lid og Geir Hole til forhandlingsnemd med dei tilsette.

#### **SAK NR 28-99: REFERAT OG MELDINGAR**

*Organic power - orientering*

Styreleiar og dagleg leiar orienterte om korleis saka står i dag. Kontakt med Ålesund Forbrenning og Vartdal Plast vart referert og teke til vitande.



### *Avfallsplan.*

Styret drøfta den politiske handsaminga så langt.

### *Søknader om fritak m.m.*

Administrasjonen la fram for styret saker om fritak for renovasjon som hadde fått avslag i tidsrommet 31.08 -12.10. H.Aam, J.Støyle, K.Industrier, R.Erlandsen, O.Hunnes, Norlag  
Styret tok desse sakene til vitande.

### *Rekom- avtalen*

Administrasjonen la fram avtalen og refererte følgene av denne frå år 2001.

### *Avfallsmengder*

Administrasjonen la fram oversikt som syner kva mengder med avfall som har gått igjennom VØR pr 01.10 i år.

### *Kartonglotteriet*

Administrasjonen orienterte om lotteriet som Norsk Returkartong har sett i gang vedkomande innsamling av drikkekartongar. Styret bad styreleiar og administrasjon markere siste trekninga i lokalpressa.

### *Brev frå Lid / Yksnøy Grendelag.*

Brevet vart referert for styret. Dagleg leiar orienterte om kva som no er utført av arbeid på Slamdeponiet. Styret debatterte slamordninga generelt. Sjå elles sak 29-99. Budsjettet.

### *Samarbeid VØR-Ørsta Volda. Moglegheter for å koble seg opp mot eksisterande dataløysingar.*

Administrasjonen refererte frå det arbeidet som no er i gang. Styret såg positivt på tiltaket.

## **SAK NR 29-99: BUDSJETT - 2000 VEDTAK( 5 røysteføre)**

1. Styret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå representatskapen å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2000.

1,0 HUSHALDNINGSGEBYR	1500
SPESIALAVFALL -SKVETT'N	53
KJØLEMØBLAR	42
GROVAVFALL	175
SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1770
2,0 PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.	32
3,0 REDUKSJON FOR HEIMEKOMPOST	312
4,0 GEB FOR NÆRINGAR	2130
5,0 GEB USORTERT GROVAVFALL(PR.TONN)	1820
5,1 GEB SORTERT GROVAVFALL (PR.TONN)	1510

6,0 GEB PR TONN SORTERT PAPP/PAPIR	950	
6,1 GEB PR TONN SORTERT METALL	550	
7,0 GEB PR. TONN TIL BRENNING	1770	
7,1 GEB PR. TONN, ISOPOR	3500	
8,0 SORTERINGSGEBYR PR. TONN	600	
9,0 PRIS PR KOLLI, NÆRING	43	
10,0 ÅRSGEBYR FOR 120 LITERS DUNK	2130	
10,1 ÅRSGEBYR FOR 340 LITERS DUNK	6390	
10,2 ÅRSGEBYR FOR 660 LITERS DUNK	10650	
10,3 ÅRSGEBYR FOR 1000 LITERS DUNK	17040	
11,0 SLAM:	HEILÅRSBUSTA FRITIDSBUSTAD	
11,1 GEBYR FOR EIN HUSTAND	624	312
11,2 GEBYR FOR TO HUSSTANDAR	800	400
11,3 GEBYR FOR TRE HUSSTANDAR	1000	500
11,4 PR. M3	104	52

Pos 1, 4, og 10 inneber tilbod om henting ein gang kvar veke.

Pos 11.0: Slammet blir tømt annakvar år for heilårsbustad og kvar fjerde år for fritidsbustad.

Alle summar ekskl MVA

2. Styret rår representatskapen til å godkjenne ei låneramme stor kr 2 150 000,- .til investering i slamdeponi, utskifting av vekt og renovasjonsbil i år 2000.

3. Styret ber om at administrasjonen brukar andre halvår 2000 til å gjere røynsler med det differensierte dunksystemet, slik at differensiering av avgiftene kan innførast frå 01.01.2001.

4. Styret ber om å få framlagt sak om val av slamløysing

5. I samband med flytting av vekta, må ein sjå på kva er råd å få til av opparbeiding av uteområdet.

*Samrøystes vedtak*

Handsaminga:

Administrasjonen hadde slikt framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå representatskapen å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2000.

1,0 HUSHALDNINGSGEBYR	1500
SPESIALAVFALL -SKVETT'N	53
KJØLEMØBLAR	42
GROVAVFALL	175

SUM HUSHALDNINGSGEBYR	1770	
2,0 PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.	32	
3,0 REDUKSJON FOR HEIMEKOMPOST	312	
4,0 GEB FOR NÆRINGAR	2130	
5,0 GEB USORTERT GROVAVFALL(PR.TONN)	1820	
5,1 GEB SORTERT GROVAVFALL (PR.TONN)	1510	
6,0 GEB PR TONN SORTERT PAPP/PAPIR	950	
6,1 GEB PR TONN SORTERT METALL	550	
7,0 GEB PR. TONN TIL BRENNING	1770	
7,1 GEB PR. TONN, ISOPOR	3500	
8,0 SORTERINGSGEBYR PR. TONN	600	
9,0 PRIS PR KOLLI, NÆRING	43	
10,0 ÅRSGEBYR FOR 120 LITERS DUNK	2130	
10,1 ÅRSGEBYR FOR 340 LITERS DUNK	6390	
10,2 ÅRSGEBYR FOR 660 LITERS DUNK	10650	
10,3 ÅRSGEBYR FOR 1000 LITERS DUNK	17040	
11,0 SLAM:	HEILÅRSBUSTA FRITIDSBUSTAD	
11,1 GEBYR FOR EIN HUSTAND	624	312
11,2 GEBYR FOR TO HUSSTANDAR	800	400
11,3 GEBYR FOR TRE HUSSTANDAR	1000	500
11,4 PR. M3	104	52

Pos 1, 4, og 10 inneber tilbod om henting ein gang kvar veke.

Pos 11.0: Slammet blir tømt annakvar år for heilårsbustad og kvar fjerde år for fritidsbustad.

Alle summar ekskl MVA

2. Styret rår representatskapen til å godkjenne ei låneramme stor kr 2 150 000,- .til investering i slamdeponi, utskifting av vekt og renovasjonsbil i år 2000.

3. Styret ber om at administrasjonen brukar andre halvår 2000 til å gjere røynsler med det differensierte dunksystemet, slik at differensiering av avgiftene kan innførast frå 01.01.2001.

Under handsaminga fremja styreleiar framlegg til vedtak punkt 4 og 5:

4. Styret ber om å få framlagt sak om val av slamløysing

5. I samband med flytting av vekta, må ein sjå på kva er råd å få til av opparbeiding av uteområdet.

Unnateke offentlighet etter Offl. §5a

**RAGNAR HØYDALSVIK – KLAGE PÅ VEDTAK.**

**VEDTAK( 5 røystefore)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak datert 14.09.99, samt gjeldande renovasjonsforskrifter §§10 og 11, og finn ikkje å kome klagen i møte.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt blir tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.  
*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes


***Tilråding:***

Styret for VØR viser til klage på vedtak datert 14.09.99, samt gjeldande renovasjonsforskrifter §§10 og 11, og finn ikkje å kome klagen i møte.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt blir tilbakeført dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl. §§28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Rett utskrift 12.10.99

  
Petter Bjørdal  
referent

  
Ove Lid

  
Ove Standal

# PROTOKOLL

## VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR  
Møtedato 31.08.99

Møtet tok til 15.00  
Møtet slutta 18.30

Desse møtte:  
Ove Lid  
Jorunn Austrheim  
Ingrid Oppedal  
Geir Hole  
Ove Standal  
Einar Flø

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste  
Det var ikkje merknader til møtebok frå 22.06.99

Ove Lid leia møtet til sak 26-99, då han fekk permisjon frå møtet. Det vart ikkje kalla inn vara for O.Lid som forlet møtet kl. 17.30.

Nestleiar i styret Jorunn Austrheim leia fram til møte slutt.

### SAKLISTE:

#### SAK NR 22-99: REFERAT OG MELDINGAR

*Organic power - orientering*

VEDTAK: (5 røysteføre)

Styret ber om at administrasjon og styreleiar går vidare i drøftingane med Organic Power, med mål å kome fram til ein intensjonsavtale.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Styreleiar og dagleg leiar orienterte om korleis saka står i dag. Styreleiar fremja slikt framlegg til vedtak:

Styret ber om at administrasjon og styreleiar går vidare i drøftingane med Organic Power, med mål å få fram ein intensjonsavtale.

*Avfallsplan høyringsnotat.*

Styret drøfta dei innkomne merknadane.

*Søknader om fritak m.m.*

Administrasjonen la fram for styret alle saker om fritak for renovasjon som hadde fått avslag i tidsromet 22.06 - 31.08. Styret tok desse sakene til vitande.

#### *Avfallsmengder*

Administrasjonen la fram oversikt som syner kva mengder med avfall som har gått igjennom VØR pr 30.06 i år.

#### *Drikkekartonginnsamling*

VEDTAK ( 5 røysteføre)

Styret vedtek at det vert kjøpt oransje posar for drikkekartongar. Posane vert å dele ut frå VØR eller innsamlingsbilane etter forespørsel.

*Samrøystes vedtak*

Handsaminga:

Administrasjonen orienterte om lotteriet som Norsk Returkartong har sett i gang vedkomande innsamling av drikkekartongar. Styret bad styreleiar og administrasjon markere lotteriet i lokalpressa.

Administrasjonen bad også om ei avklaring om innsamlinga fortsatt skulle vere med oransje plastposar.

Styreleiar fremja då slikt framlegg til vedtak:

Styret vedtek at det vert kjøpt innsamlingsposar for drikkekartongar. Posane vert å dele ut frå VØR eller innsamlingsbilane etter forespørsel.

#### **SAK NR 23-99: BUDSJETTKORRIGERING**

#### **REKNESKAPEN PR 30.06.99**

VEDTAK( 5 røysteføre)

Styret tar den framlagde informasjonen til vitande. Styret ber om at dei endringane som no er komne fram vert å ta med i budsjettet for år 2000.

*Samrøystes vedtak*

Handsaminga:

Administrasjonen viste til at det er utfakturert eit mindre tal abonnement enn det som er føresett i budsjettet for 1999. Likeeins har ein i år vesentleg fleire fritak for renovasjon enn tidligare år. I sum gir dette ein inntektssvikt for VØR.

Styret bad administrasjonen gå gjennom abonnentlistene for å kvalitets-sikre disse i høve til renovasjonsforskriftene.

Styret bad også om at administrasjonen er nøktern med omsyn til bruk av ressursar i resten av året.

Administrasjonen hadde to alternative framlegg til vedtak:

Alt 1: Styret tar den framlagde informasjonen til vitande. Styret ber om at det vert lagt fram eit revidert budsjett for resten av året på bakgrunn av resultatet pr 01.09.99.

Styret ber administrasjonen sette i gang tiltak for å auke inntektene og gjere innsparingar i drifta slik at evt underskot for 1999 vert minimert.

Alt 2.

Styret tar den framlagde informasjonen til vitande. Styret ber om at dei endringane som no er komne fram vert å ta med i budsjettet for år 2000.

Styreleiar fremja alternativ 2 som framlegg til vedtak

SAK NR 24-99

KLAGE PÅ VEDTAK;

Unnateke offentlighet etter Offl. §5a

**PKT. 1 SIVERT N. BJØRDAL – KLAGE PÅ VEDTAK.**

**VEDTAK( 5 røysteføre)**

Styret for VØR viser til klage på vedtak, og finn ikkje å kome klage på vedtak av 18.07.99 i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt tilbakeførast dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

**TILRÅDING:**

Styret for VØR viser til klage på vedtak, og finn ikkje å kome klage på vedtak av 18.07.99 i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§10 og 11.

Vedtaket vert ikkje gjeve oppsitjande verknad etter fvl. § 42. Det vil seie at utsendt rekning må betalast og at rekninga eventuelt tilbakeførast dersom vedtaket skulle verte endra ved seinare høve.

I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Unnateke offentlighet etter Offl. §5a

**SAK: 24-99 PKT. 2**

**JORUNN BØRTVEIT – VEDKOMANDE UTDELING AV GRATIS SEKKESTATIV.**

**VEDTAK( 5 røysteføre)**

Med visning til brev datert 18.06.99, gjev styret for VØR i samsvar med gjeldande praksis, avslag på kravet om tildeling av gratis stativ. Dette fordi abonnenten etter renovasjonsforskriftene §7, sjølv har plikt til å sikre sekken mot fuglar og dyr.

I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

### ***Tilråding:***

Med visning til brev datert 18.06.99, gjev styret for VØR i samsvar med gjeldande praksis, avslag på kravet om tildeling av gratis stativ. Dette fordi abonnenten etter renovasjonsforskriftene §7, sjølv har plikt til å sikre sekken mot fuglar og dyr.

I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

### **Unnateke offentlegheit etter Offl. §5a**

**SAK: 24-99 PKT. 3**

**PINOKKIO AS – SØKNAD OM FRITAK FOR NÆRINGSGEBYR.**

### **VEDTAK( 5 røysteføre)**

#### ***Tilråding:***

Med visning til brev motteke 22.02.99, gjev styret i VØR, i samsvar med renovasjonsforskriftene §§10 og 11 samt gjeldande praksis, avslag på søknad om fritak for næringsgebyr.

Dette fordi det etter gjeldande renovasjonsforskrifter §10 skal vere minimum eit gebyr for kvar verksemd som skapar forbruksavfall, der verksemda representerer eit årsverk eller meir. Pinokkio AS er ein butikk som er driven med eit årsverk og som skapar forbruksavfall.

Styret for VØR vil også tilrå ei løysing for handtering av avfallet der Pinokkio AS held fram med ein felles container saman med Ørsta Elektriske AS, då dette er ei ordning som har fungert bra for butikken. Dersom denne ordninga er ønskjeleg å halde fram med, vil styret for VØR godkjenne bruk av fråtrekksordning for 2 næringsgebyr på containeren som vert levert frå Ørsta Elektriske AS, istadenfor 1 gebyr som i dag.

I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

#### **Tilråding:**

Med visning til brev motteke 22.02.99, gjev styret i VØR, i samsvar med renovasjonsforskriftene §§10 og 11 samt gjeldande praksis, avslag på søknad om fritak for næringsgebyr.

Dette fordi det etter gjeldande renovasjonsforskrifter §10 skal vere minimum eit gebyr for kvar verksemd som skapar forbruksavfall, der verksemda representerer eit årsverk eller meir. Pinokkio AS er ein butikk som er driven med eit årsverk og som skapar forbruksavfall.

Styret for VØR vil også tilrå ei løysing for handtering av avfallet der Pinokkio AS held fram med ein felles container saman med Ørsta Elektriske AS, då dette er ei ordning som har fungert bra for butikken. Dersom denne ordninga er ønskjeleg å halde fram med, vil styret for VØR godkjenne bruk av fråtrekksordning for 2 næringsgebyr på containeren som vert levert frå Ørsta Elektriske AS, istadenfor 1 gebyr som i dag.



I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

### Unnateke offentleghet etter Offl. §5a

**SAK: 24-99 PKT. 4**

**NORLAG AS – SØKNAD OM FRITAK FOR NÆRINGSGEBYR.**

#### **VEDTAK( 5 RØYSTEFØRE)**

Med visning til brev datert 28.06.99, gjev styret for VØR, i samsvar med renovasjonsforskriftene §10 og 11 og gjeldande praksis, avslag på søknad om fritak for næringsgebyr.

Etter gjeldande renovasjonsforskrifter §10 skal det vere minimum eit gebyr for kvar verksemd som skapar forbruksavfall, der verksemda representerer eit årsverk eller meir. Norlag AS er eit firma med 2 uteselgarar som reiser mykje. Likevel har dei 2 årsverk som er tilknytt kontorlokale og skapar forbruksavfall som tilsvarar om lag ein sekk for månaden.

Behovet for renovasjon er til stades og i samsvar med renovasjonsforskriftene har vi ikkje høve til å differensiere renovasjonsgebyret på grunnlag av levert mengde. Næringsgebyret vert difor å rekne som eit minimumsgebyr.

Styret for VØR tilrår at dunk som er gjort tilgjengeleg av huseigar vert nytta som innsamlingseining. Kva som eventuelt skal gjelde i husleigeavtalen blir ei sak mellom huseigar og leigetakar.

I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

#### ***Tilråding:***

Med visning til brev datert 28.06.99, gjev styret for VØR, i samsvar med renovasjonsforskriftene §10 og 11 og gjeldande praksis, avslag på søknad om fritak for næringsgebyr.

Etter gjeldande renovasjonsforskrifter §10 skal det vere minimum eit gebyr for kvar verksemd som skapar forbruksavfall, der verksemda representerer eit årsverk eller meir. Norlag AS er eit firma med 2 uteselgarar som reiser mykje. Likevel har dei 2 årsverk som er tilknytt kontorlokale og skapar forbruksavfall som tilsvarar om lag ein sekk for månaden.

Behovet for renovasjon er til stades og i samsvar med renovasjonsforskriftene har vi ikkje høve til å differensiere renovasjonsgebyret på grunnlag av levert mengde. Næringsgebyret vert difor å rekne som eit minimumsgebyr.

Styret for VØR tilrår at dunk som er gjort tilgjengeleg av huseigar vert nytta som innsamlingseining. Kva som eventuelt skal gjelde i husleigeavtalen blir ei sak mellom huseigar og leigetakar.

I samsvar med fvl §28 og 29 kan vedtaket påklagast til formannskapet i Ørsta, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

#### **SAK NR 25-99 AVTALER PÅ TRANDAL**

- Tilsyn av Molok
- Innsamling av hushaldningsavfall

#### **VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret godkjenner dei framlagde avtalane slik som dei ligg føre.  
*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

#### **Tilråding:**

Styret godkjenner dei framlagde avtalane slik som dei ligg føre.

#### **SAK: 25-99 IVAR NES – RENOVASJONSGEBYR FOR 9 MND PÅ GNR.113 BNR. 1.**

#### **VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret finn med visning til avtale om innsamling av hushaldsavfall på Nes, å innvilge Ivar Nes varig reduksjon med 20% på renovasjonsgebyret for gnr.113 bnr. 1. Dette fordi vegen til Nes berre er open om lag 9 mnd. i året.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

#### **Tilråding:**

Styret finn med visning til avtale om innsamling av hushaldsavfall på Nes, å innvilge Ivar Nes varig reduksjon med 20% på renovasjonsgebyret for gnr.113 bnr. 1. Dette fordi vegen til Nes berre er open om lag 9 mnd. i året.

#### **SAK: 25-99. ROLF TJØRVÅG – RENOVASJONSGEBYR FOR 9 MND PÅ GNR. 113 BNR. 5.**

#### **VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Styret finn med visning til avtale om innsamling av hushaldsavfall på Nes, å innvilge Rolf Tjørvalg varig reduksjon med 20% på renovasjonsgebyret for gnr.113 bnr. 1. Dette fordi vegen til Nes berre er open om lag 9 mnd. i året.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

**Tilråding:**

Styret finn med visning til avtale om innsamling av hushaldsavfall på Nes, å innvilge innvilge Rolf Tjørnvåg varig reduksjon med 20% på renovasjonsgebyret for gnr.113 bnr. 1. Dette fordi vegen til Nes berre er open om lag 9 mnd. i året.

**SAK: 26-99. PLASTINNSAMLING -FRAMLEGG TIL GJENNOMFØRING.  
VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE):**

1. Styret ber om at det vert sett i gang innsamling av plast frå hushaldningane, slik at den enkelte husstand kan levere plasten ilag med papiret i eigne plastposar.  
Styret ber vidare om at ordninga vert kombinert med eit utvida tilbod i returpunkta i kommunane.  
Styret ber om at innsamling av plast frå hushaldningane vert sett i gang i haust.  
Investeringa i krok-kasse og returpunkt vert å legge inn i neste års budsjett.
2. Styret ber om at det vert sett i gang innsamling av plast frå næringane.  
Styret forutset at ordninga balanserar økonomisk, og at den vert sett i gang i haust.  
Styret vedtek slike prisar eks MVA for ordninga:  
Sorteringsgebyret for dei som leverer usortert plast på VØR blir 500kr / tonnet.  
Henting av sekkar hos næringane kr 30,-  
Sal av sekkar merka Returplast kr 10,-  
Stativ 650,- evnt 50 kr leige pr mnd.  
Styret ber om at investeringa i krok-kasse og returpunkt vert å legge inn i neste års budsjett.
3. Styret ber om at det vert sett i gang innsamling av plast også frå landbruket.  
Styret forutset at ordninga balanserar økonomisk, og at den vert sett i gang i haust i tråd med tilrådinga frå administrasjonen.  
Styret ber om at investeringa i krok-kasse vert å vurdere i neste års budsjett.

*Samrøystes vedtak.*

Handsaminga:

Administrasjonen si tilråding vart vedteken samrøystes

**Tilråding:**

4. Styret ber om at det vert sett i gang innsamling av plast frå hushaldningane, slik at den enkelte husstand kan levere plasten ilag med papiret i eigne plastposar.  
Styret ber vidare om at ordninga vert kombinert med eit utvida tilbod i returpunkta i kommunane.  
Styret ber om at innsamling av plast frå hushaldningane vert sett i gang i haust.  
Investeringa i krok-kasse og returpunkt vert å legge inn i neste års budsjett.
5. Styret ber om at det vert sett i gang innsamling av plast frå næringane.


Styret forutset at ordninga balanserer økonomisk, og at den vert sett i gang i haust.  
Styret vedtek slike prisar eks MVA for ordninga:  
Sorteringsgebyret for dei som leverer usortert plast på VØR blir 500kr / tonnet.  
Henting av sekkar hos næringane kr 30,-  
Sal av sekkar merka Returplast kr 10,-  
Stativ 650,- evt 50 kr leige pr mnd.  
Styret ber om at investeringa i krok-kasse og returpunkt vert å legge inn i neste års budsjett.

6. Styret ber om at det vert sett i gang innsamling av plast også frå landbruket.  
Styret forutset at ordninga balanserer økonomisk, og at den vert sett i gang i haust i tråd med tilrådinga frå administrasjonen.  
Styret ber om at investeringa i krok-kasse vert å vurdere i neste års budsjett.

**SAK NR 27-99 YMSE.**

Personalsituasjonen: Styret bad om å få eiga sak om dette i neste møte.  
Strategiplan: Administrasjonen orienterte om kor langt dette arbeidet no er komt.  
Budsjettet: Styret bad om å få denne saka i to omgangar med om lag 14 dagars mellomrom.  
Papiravtale REKOM: Styret ber administrasjonen om å undersøkje kva muligheter som ligg for oss i REKOM-Norske Skog avtalen.  
Tariffmessig tilknytning i KS: VØR bør i framtida vere knytt til Transportselskapa og ikkje VA-selskapa.

Rett utskrift 07.09.99

  
Petter Bjørdal  
referent

  
Ove Lid

  
Ove Standal

## STYREMØTE I VØR 22.06.99

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 22.06.99 kl 15.00 på Miljøstasjonen.

Desse var tilstades:

Ove Lid

Jorunn Austrheim

Ove Standal

Frå administrasjonen møtte: Petter Bjørdal

Det var ikkje merknader til sakliste og innkalling.

### **Sak nr 17-99: Referat og meldingar**

-Transportavtale eksternttransport er reforhandla. Styret tok resultatet til vitande.

-Drøftingar med Organic Power vart referert og tatt til vitande.

### **Sak nr 18-99: Rekneskapstal pr 31.05.99**

Administrasjonen la fram rekneskapstal pr 31.05.99, som viser eit forbruk i tråd med budsjettet.

### **Sak nr 19-99: E.E. avfallsforskrifta**

Samrøystes vedtak: Styret tar den framlagde informasjon til vitande, og godkjenner den framlagde avtale med Fransefoss Gjennvinning AS slik den ligg føre.

### **Sak nr 20-99: Avtale med Plastretur**

Samrøystes vedtak: Styret tar den framlagde informasjon til vitande, og godkjenner den framlagde avtale med Plastretur slik den ligg føre.

Styret godkjenner administrasjonens framlegg til korleis innsamlinga skal gjennomførast, og ber om at dette vert sett i verk snarast.

### **Sak nr 21-99: Opprydding av uteområdet.**

Samrøystes vedtak: Styret godkjenner prinsippskissa for korleis uteområdet skal tilstellast.

### **Sak nr 22-99: Merknader til avfallsplanen.**

Samrøystes vedtak:

1. Pga. ferieavviklinga og den korte høyringsfristen, set styret ned ei nemd som på vegne av VØR, får i fullmakt å uttale seg om forslaget til avfallsplan. Medlemmar i nemda er: Ove Lid, Ove Standal, Petter Bjørdal

2. Styret vedtek å sende Ove Lid, Ove Standal og Petter Bjørdal til Stavanger for å få kunnskap om Stavanger sitt røynsler med prøveprosjektet differensiert renovasjonsgebyr basert på vekt.

### **Sak nr 23-99: Søknad om fritak for renovasjonsavgifta Ivar Nes.**

Styret finn med visning til søknaden, ikkje å gi Ivar Nes varig fritak for renovasjonsavgifta.

Styret bed administrasjonen utgreie alternativ innsamlingsordning for Trandal til neste møte.

Møtet slutt 16.45

Petter Bjørdal



**VOLDA ØRSTA  
REINHOLD**

Volda/Ørsta Reinholdswerk

## MØTEBOK

Det vart halde møte i styret i VØR onsdag 22/4-99 kl. 16.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid

Ingrid Opedal

Ove Standal

Geir Hole

Jorunn Austrheim meldte forfall

Einar Flø

Kjetil Årøen

Petter Bjørdal

**Sak nr. 14-99: Rekneskap og årsmelding for 1998.**  
Styret gjekk detaljert igjennom årsmeldinga slik den låg føre.

Styret godkjenner årsmeldinga slik den ligg føre.  
Styret rår representantskapet til å gjere tilsvarande vedtak.

**Sak nr. 15-99: Den interne organisasjonen i VØR**  
Administrasjonen orienterte om arbeidsmengdene ved VØR, og bad om at vikarstilling i administrasjonen vart fast tilsett.  
Styret diskuterte også stilling som driftsleiar ved VØR.  
Styret utset dette til dagleg leiar er på plass i VØR, og det er avklara om dagens arbeidsleiar kjem tilbake i arbeid etter sjukefråvær.

### Vedtak

Styret vedtek å opprette stilling som sekretær ved VØR.  
Styret tilset Hege Welle i stilling som sekretær.

**Sak nr. 16-99: Ymse**  
Saka gav ikkje høve til vedtak.

Ref. Kjetil Årøen

## MØTEBOK

Det vart halde eit fellesmøte mellom representantskapet og styret i VØR torsdag 11/3-99 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid  
Ingrid Opedal  
Magnar Lid  
Geir Hole  
Jorunn Austrheim

Einar Flø  
Kjetil Årøen  
Petter Bjørdal

Møtet kom i stand etter ynskje får representantar i avfallspiangruppa (Opedal , Flø) og ein presenterte hovudpunkta i planen som skal ut på høyring med det første. Styret tok orienteringa til vitande.

Ref. Kjetil Årøen

## MØTEBOK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 24/2-99 kl. 14.30 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid  
Ingrid Opedal  
Magnar Lid  
Geir Hole  
Jorunn Austrheim (meldte forfall, men gav sin tilslutning over telefon)

Kjetil Årøen

**Sak nr. 09-99: Tilsetting av dagleg leiar.**

Etter drøfting kom styret fram til at ein ikkje ville nytte seg av tilbodet frå Tussa om å engasjerer ein leiar på konsulentbasis.

Styret gjorde følgjande samrøystes vedtak (Austrheim over tlf.):

**Styret i VØR vedtek å innstille følgjande personar til stillinga som dagleg leiar i VØR (prioritert rekkefylgje):**

1. Petter Bjørdal
2. Per Atle Røe
3. Svein Arnesen

Ref. Kjetil Årøen



## MØTEBOK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 18/2-99 kl. 14.30 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid  
Ingrid Opedal  
Magnar Lid  
Geir Hole  
Jorunn Austrheim

Kjetil Årøen

Møtet var sett av til intervju av kandidatane til stillinga som dagleg leiar i VØR.

Etter at ein var ferdig med runden, fekk Per Aage Bøstrand eit møte med styret. Dette møtet kom i stand etter ynskje frå Bøstrand.

Bøstrand presenterte nokre tankar om mogleg samarbeid, og framheva at det ikkje har vore noko samarbeid mellom hans firma og VØR på seks år.

Det konkrete framlegget frå Bøstrand var å ta over industriavfallet, og leige delar av sorteringshallen av VØR.

Styret tok orienteringa til vitande.

Ref. Kjetil Årøen

## MØTEBOK

Det vart halde møte mellom Volda og Ørsta kommunar og i styret i VØR onsdag 17/2-99 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Frå Ørsta kommune: Nils Taklo  
Per Hovden

Frå Volda kommune: Knut Bere  
Jarle Krumsvik

Frå VØR

Ove Lid (styreleiar)  
Ingrid Opedal  
Magnar Lid  
Geir Hole  
Einar Flø ( representantskapsleiar)  
Kjetil Årøen

Bakgrunnen for møtet var eit ynskje frå VØR å få tilbakemeldingar frå kommuneleinga om m.a. (frå innkallinga):

- *Kva "vyer" har eigarane for VØR?*
- *Kva skjer med arbeidet om eventuell omorganisering av VØR?*
- *Korleis handterer VØR ulike vedtak i kommunane"*
- *"Forretningsmessig drift"*

Ove Lid ynskte velkomen, og Magnar Lid innleidde om sitt inntrykk frå den perioden vi har vore igjennom, med til dels sterk kritisk fokus på VØR frå politisk hald. Magnar Lid nemnde at enkeltvedtak som er gjorde i kommunane avspegla ein manglande respekt for VØR, og at det er eit for einsidig løp mot avgifter.

Styreleiar tok så opp spørsmålet om kva vyer kommunane har for VØR, og Taklo synte her til fellesmøtet mellom ordførarane og administrasjonssjefane, der VØR var tema. Han er personleg rosande til VØR, der kostnadene står i høve til tenestene som vert ytt. Begge ordførarane omtala kommunestyra og deira "engasjement" som ynskje om å vere "aktive eigarar". Dei minte om at politikarane representerer folket, og den kritiske aktiviteten botnar i haldningar på bygdene. VØR må akseptere at kommunestyra er "aktive eigarar".

Einar Flø sa at det har bygd seg opp ein frustrasjon i VØR mykje på grunn av uttale og engasjement hjå politikarar, spesielt i Volda.

Ingrid Opedal sa at VØR ynskjer aktive eigarar, men forventar at kommunestyra er lojale mot egne vedtak. Ho stilte spørsmål om kommunestyra er rette fora for ein del av desse sakene.

Knut Bere tolka dette slik at representantane frå VØR er for "hårsåre".

Ein må tole både kritikk og ros. Kommunestyra må vere fri til å uttale seg, det er eit fritt ord, og det har ikkje vore saker eller sagt noko frå talarstolen som kvalifiserte til at ordføraren skulle gripe inn.

Magnar Lid og Geir Hole var likevel kritiske til det som har skjedd. Dei mente at kommunestyra kan styrast, og at "aktiviteten" i haust ikkje har vore god for VØR.

Ordførarane stilte seg vidare positivt interesserte til initiativet frå Tussa, og rådde til, på spørsmål frå styreleiar, å gjere seg nytte av tilbodet.

Elles var det gjensidig semje om å sjå opp og fram, og at prosessen med avfallsplanen må legge premissane for vidare drift av renovasjonsordninga i kommunane.

Taklo ynskjer ein meir straumlinjeforma styringsmåte, og at ein annan selskapsform kanskje kan føre til meir strukturerte eigarar.

Geir Hole meinte at Ørsta kommunestyre har hatt konstruktive debattar om økonomien i VØR i 1998, men synet på VØR som ei rein forvaltningsbedrift ikkje stemmer lenger. Han syntte til dei ulike vedtaka i kommunane, og at det er svært vanskeleg å få effektiv drift av VØR med slik organsiering.

Ingrid Opedal meinte at nei til velbegrunna lånesøknader er demoraliserande for VØR.

Jarle Krumsvik minte om at kommunane har eit aktivt leiarskap av VØR gjennom styre- og representantskapsmedlemene. Likevel så føler han at styret i VØR lever i konflikt med kommunestyret. Styret "tek av " som sjølvstendig eining.

Krumsvik meinte at styret bør lytte til kommunestyra, og forhalde seg til det. Alt er ikkje "rosenrødt" i VØR heller.

Ein må bruke tid på prosessen som no er sett i gang, og han var temmeleg trygg for at det også finst eit VØR også i framtida.

Styreleiar sa seg samd i at det er framleis mykje å arbeide med innanfor VØR og dei tenesten VØR yt.

Magnar Lid kom så inn på at eit jag etter stadig effektiviserings- og kostnadsjag er frustrerande, men Nils Taklo meinte at konkurranse kjem om ein likar det eller ikkje.

Kjetil Årøen meinte at eit "handlekraftig VØR" vil hindre etablering av konkurrerande firma.

På spørsmålet om korleis ein handterer ulike vedtak i kommunane var det ikkje nokon som hadde eit heilt klart syn. Det vart semje om at Ørsta kommune tek opp att delar av saka, slik at ein kunne få overført ein lånesum som er stor nok til å dekke opp meirkostnaden på sorteringshallen

Ref: Kjetil Årøen

## MØTEBOK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 11/2-99 kl. 14.30 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid  
Ingrid Opedal  
Magnar Lid  
Geir Hole  
Jorunn Austrheim (delar av møtet)

Einar Flø  
Kjetil Årøen

I tillegg møtte Elling Dybdal og Per Atle Røe frå Tussa

### **Sak nr. 05-99: Informasjon frå Tussa.**

Dybdal og Røe informerte om Tussa sine tankar med å engasjere seg i kommunaltekniske oppgåver. Her er renovasjon eitt av fleire aktuelle satsingsområde for Tussa. Tussa tilbød å leige ut ein person til å dekke opp stillinga som dagleg leiar på konsulentbasis. På den møten vil Tussa hauste erfaring om bransjen, og kommunane får betre tid til å gjere seg opp ei meining om framtidig organisering av VØR.

Styret tok orienteringa til vitande.

### **Sak nr. 06-99: Gjennomgang av søkjarlista til stillinga som "dagleg leiar".**

Det var 15 søkjarar til stillinga som dagleg leiar i VØR, og styret gjorde følgjande samrøystes vedtak:

**Styret i VØR vedtek å kalle inn følgjande personar til samtale:**

Per Atle Røe, Ørsta  
Petter Bjørdal, Ørsta  
Svein Arntsen, Volda  
Jon Garen, Larsnes  
Geir Olsen, Skodje

### **Sak nr. 07-99: Anbodsrunde på transport**

Styret syner til vedtektene for VØR, og ynskjer at representantskapet tek stilling til vidare framdrift i denne saka.

### **Sak nr. 08-99: Ymse**

Det vart orientert om framdrifta av avfallslanen.

Ref. Kjetil Årøen

## MØTEBOK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 14/1-99 på Miljøstasjonen.

Desse var til stades:

Ove Lid  
Ingrid Opedal  
Magnar Lid  
Geir Hole  
Jorun Austrheim

Kjetil Årøen

Olav Baarøy og Trygve Ebbesvik var til stades under delar av møtet.

### **Sak nr. 01-99: Presentasjon av kommunikasjonsprosjekt.**

Baarøy og Ebbesvik fekk før jul eit oppdrag med å sjå på og vurdere tiltak for å betre kommunikasjonen med brukarar og eigarar av VØR. Resultatet av dette arbeidet vart presentert på møtet, og styret tok orienteringa til vitande.

Styret vil få presentert eit oppsett over budsjett basert på framdrift trin for trin.

### **Sak nr. 02-99: Drøfting rundt "forretningsmessig" drift**

Driftsleiar ynskte styret sitt syn på det å møte eventuell konkurranse utanfrå. Styret gjorde følgjande samrøystes vedtak:

**Styret i VØR er innstilt på å møte konkurransen i avfallsmarknaden så lenge aktiviteten gir bidrag til å dekke faste kostnader i VØR. Administrasjonen får i oppdrag å sjekke med kommunane "jussen" rundt eit gebyrvedtak.**

### **Sak nr 03-99: Driftsleiarstillinga**

Styret vedtok følgjande utlysingstekst til stillinga:

*Volda Ørsta Reinhaldsverk (VØR) er eit interkommunalt selskap eigd av Ørsta og Volda kommunar. Selskapet har ansvar for all offentleg renovasjon i eigarkommunene. Selskapet eig og driv "Miljøstasjonen", med omlastestasjon og sorteringsanlegg for dei fleste typar avfall, samt fire renovasjonsbilar. Selskapet her i dag 16 tilsette og budsjettert omsetning for 1999 er om lag 19 mill. kroner. Noverande driftsleiar skal over i ny stilling, og VØR søker etter:*

## DAGLEG LEIAR

Det er utarbeidd instruks for stillinga, og arbeidsområdet er mellom anna:

- dagleg leiing, samordning og kontroll
- personalforvaltning
- budsjett
- sakshandsaming og sekretærarbeid for styre og representantskap

Selskapet / bransjen står overfor store utfordringar, og søker må ha relevant utdanning, gode leiareigenskapar, administrativ røynsle og teknisk innsikt.

Dagleg leiar rapporterer til styret.

Tilsetting etter vanlege kommunale vilkår, med obligatorisk pensjonsordning.

Løn etter avtale / kvalifikasjonar.

Administrasjonsspråket i VØR er nynorsk.

Kvinner vert oppmoda om å søkje.

Nærare opplysningar om stillinga kan rettast til: Styreleiar Ove Lid, tlf. arbeid: 70 05 10 57  
privat: 70 05 10 58, mobil: 909 36 496 eller driftsleiar Kjetil Årøen, tlf. arbeid: 70 06 86 49  
mobil: 913 40 514.

Søknad med naudsynt dokumentasjon merka "*Dagleg leiar*" sendast til **Volda Ørsta Reinhaldsverk, 6160 HOVDEBYGDA** innan fredag 5. februar.

### Sak nr. 04-99: Ymse

Styret vurderte ein del søknader som gjekk på levering av grovavfall i konteinarar. Fleire som har nytta Bøstrand Transport har ikkje fått naudsynt informasjon, og reagerer på at dei mottek rekning også på levert avfall over eitt tonn.

Styret meiner at ein har dekning for å halde på ein maksgrense på eitt tonn, men gjev driftsleiar løyve til å finne "midlare" løysingar for å få sakene ut av systemet.